

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
BRULEITEVEGEN 40,
5282 LONEVÅG.**

**Tlf. 91186782.
E-post: sjuratre@online.no**

**Einar Ove Håland,
Hjellvikegen 427,
5281 Valestrandsfossen.**

Mjelstad gr.nr. 121, br.nr. |. Osterøy kommune. Hordaland fylke.

TEODORLØA.

Restaureringsplan.

Brakakledningen.

Teodorløa hadde mest 70 kvm brakakledning, og er dermed eit fin døme på byggeskikken. Brakakledningen er den som hastar mest å vøla. Det er både dyrt og arbeidssamt å kleda med brake. Arbeidet må delast i fleire ykter. Eg tilrår at austveggen, som hastar mest, vert teken fyrst. Der var det vel 30 kvm slik kledning.

Veggene.

Langs nordre del av vestveggen, og i nord, kjem vegen rundt løa tett intil, og ligg høgare enn løveggene. Vassiget frå vegen har kome på både oplengjer og ramer. Alle ramene og ein del oplengjer er rotne. Noko må bytast, anna kan vølast. Der det er ramer nede, må dei bytast. Oplengjene kan skøytast, men nokre av dei er ogso skadde oppe av tidlegare taklekasje, dei må bytast. Drophellene må takast vekk, før rote trevyrkje kan bytast, og setjast fint på plass att. All bordkledningen er roten, og må bytast. Lørdørene trur eg er brukande, til reidskapshus og utedo må det nye labankdører til.

Alt utvendig trevyrkje skal ha 2 -3 strok med tretjøra og kokt linolja, blanda 1: 1.

Taket.

Dei fleste sperrene er godt brukande, men nokre av bjørk er so mottetne at dei må bytast. Bylgjebekkplatene i aust er rusta, sume har hol. Dei må bytast. Stålplatene i vest er gode. Taket var teglpanner. Det hadde vore fint med tegl, men det er vanskeleg å få tak i gode nok brukte. I so fall må det må verta nye panner. Taket lek ikkje so mykje at det gjer serleg skade, enno.

Tel og telåsar.

Telåsane og telet ser godt ut som. Reknar ikkje med arbeid på det.

Grinda.

Stavar, betar, stavlegjer og snedband er gode, det trengst ikkje gjerast noko med grinda.

Prioritering.

På grunn av omfanget vil me dela opp arbeidet i 2 eller 3 delprosjekt. Første og største delen er brakakledningen. Han er mange stader så dårleg at han ikkje vernar den berande konstruksjonen mot vêt og vind. Neste delprosjekt vert dører, bordkledning, sviller og opplengjer på den bordkledde delen av løa. Taket kan vera det siste ein vøler. Denne søknaden gjeld altså berre brakakledningen.

Revheim 17.11.2019.

Rune Revheim.